



MØTEBOK

Tidspunkt: Onsdag 10. mai 2017 kl. 1800

Stad: Kjellaren i brannstasjonen i Odda

Desse møtte: Steinar Langesæter, Jørund Kvestad, Hildegunn Espe, Ragnar Ystanes, Kari Herstad (vara for Synnøva Sæbø)

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Saker til styremøtet

- UFS 12/17: Meldingar
- UFS 13/17: Referat frå møte den 14. februar 2017
- UFS 14/17: Rekneskap for Ullensvang fjellstyre 2016
- UFS 15/17: Fornya avtale med Eidfjord fjellstyre om fiske på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen
- UFS 16/17: Retningslinjer for mindre innkjøp
- UFS 17/17: Villreinjakta 2017
- UFS 18/17: Eventuelt

Saker til Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning:

- UFS 19/17: Søknad om utvida løyve til utplassering av foringsplassar for fjellrev
- UFS 20/17: Søknad om flytting av utedo og utviding til sikringsbu, Jakobsbu
- UFS 21/17: Garnfiske for utanbygds i Ullensvang statsallmenning
- UFS 22/17: Høyring på fellessanksjonar i samband med lovbrøt på statsallmenning
- UFS 23/17: Søknad om samjakt i reinsjakta 2017 frå dei private valda i Odda og Ullensvang
- UFS 24/17: Reguleringar under villreinjakta 2017
- UFS 25/17: Orientering om CWD (skrantesjuke)

Steinar Langesæter/s/

Jørund Kvestad/s/

Hildegunn Espe/s/

Ragnar Ystanes/s/

Kari Herstad/s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer
 Varamedlemmer
 Fjellstyra på Hardangervidda as
 Norges Fjellstyresamband
 Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog
 Odda kommune
 Ullensvang herad
 Hardanger Folkeblad



UFS 12/17: Meldingar

- 20170206_011.1 **Ullensvang herad** - stadfesting på medlemmer i Ullensvang fjellstyre for valperioden 2015-2019
- 20170227_012.0 **Ullensvang fjellstyre** - oversending av sak til handsaming i heradsstyret
- 20170302_362.1 **Ullensvang fjellstyre** - forslag til avtale om bruksrett til uthus/do ved fjellstyrehytta på Rauåne
- 20170310_011.0 **Steinar Langesæter** - Notat frå møte med formannskapet
- 20170314_362.1 **Statskog** - vedrørende søknad om løyve til vøling av stall i Fresvikbelebotn på gnr. 55, bnr. 1, fnr. 9020
- 20170314_362.1 **Ullensvang fjellstyre** - søknad om midlar frå Grunneigarfondet - ombygging av fjellstyrehytte
- 20170321_016.0 **Fjellstyra på Hardangervidda** - Årsrapport 2016
- 20170321_017.8 **Steinar Langesæter** - Gevinst til korpsbasar
- 20170329_612.0 **Eidfjord fjellstyre** - informasjon om ope jegermøte
- 20170330_161 **Statskog** - Grunneierfondet opna for søking, frist 1. mai
- 20170405_335.3 **Skjold beitelag** - underskriven avtale om beiteleige for sesongane 2016-2020
- 20170419-011.1 **Ullensvang herad** - stadfesting på medlemmer i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning for valperioden 2015-2019
- 20170421-xxx.x **Norges Fjellstyresamband** - Info om rutinar for praktisering av skjøtselstiltak med heimel i NML § 47
- 20170426-xxx.x **-Fylkesmannen i Buskerud** - Invitasjon til fellesmøte for forvaltning av Hardangervidda nasjonalpark
- 20170427-xxx.x **Ingvald Irgens** - Dårleg/manglande flytilbod frå Haukeliseter

Melding lagt fram på møtet:

20170504-362.1 Ullensvang fjellstyre - Anbod på arbeid med bygging av naust ved Krokavatnet

Vedtak (sak UFS 12/17):

Meldingane vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.



UFS 13/17: Referat frå møte den 14. februar 2017

Saksdokument:

- 13-17 Møtebok frå møte i Ullensvang fjellstyre 14. februar 2017.

Saksutgreiing:

Referat:

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner referatet frå møtet 14. februar 2017.

Vedtak (sak UFS 13/17):

Styret godkjenner referatet frå møtet 14. februar 2017.

UFS 14/17: Rekneskap for Ullensvang fjellstyre 2016

Saksdokument:

- Rekneskap for Ullensvang fjellstyre 2016 (blir ettersendt når det er motteke frå revisor)

Saksutgreiing:

Rekneskapet blir sendt ut før møtet så sant det er motteke frå revisor. Det er ikkje utarbeida årsmelding for 2016.

Framlegg til vedtak:

Referat:

Styret etterspør årsmelding for 2016.

Vedtak (sak UFS 14/17):

Styret godkjenner rekneskapen for 2016.

Sekretær utarbeidar årsmelding for 2016 til neste møte i fjellstyret.

Samrøystes vedteke.



UFS 15/17: Fornya avtale med Eidfjord fjellstyre om fiske på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen

Saksdokument:

- 15-17 Eidfjord fjellstyre - avtale med Ullensvang om fiske sør for Nordmannslågen

Saksutgreiing:

Det er inngått avtale mellom Ullensvang og Eidfjord fjellstyre om fiske sør for midtlinja i Nordmannslågen. Den førre avtalen gjekk ut i 2007, og skulle ha vore teke opp til revisjon tidligare. Eidfjord fjellstyre har vedteke å gje Ullensvang fjellstyre likelydande tilbod som i den førre avtalen. Einaste endringa er punkt 6; tidspunkt avtalen skal takast opp til evaluering. Eidfjord fjellstyre har vedteke at avtalen varar fram til 7.9.2019.

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner framlegg til avtale frå Eidfjord fjellstyre.

Vedtak (sak UFS 15/17):

Styret godkjenner framlegg til avtale frå Eidfjord fjellstyre.

Samrøystes vedteke.

UFS 16/17: Retningslinjer for mindre innkjøp

Saksdokument:

Ingen.

Saksutgreiing:

Det er av praktiske årsaker ein fordel at sekretæren kan gjera mindre innkjøp (til dømes kontormateriell, utstyr til hytter osv.) utan at det på førehand er gjort vedtak i styret. Samtidig bør det liggja føre retningslinjer for kor store innkjøp sekretæren kan gjera utan vedtak i styret.

Framlegg til vedtak:

Sekretæren kan gjera innkjøp på inntil 5000,- utan godkjenning i styret. Innkjøp over 5000,- skal vera godkjent av styret.

Vedtak (sak UFS 16/17):

Sekretæren kan gjera innkjøp på inntil 5000,- utan godkjenning i styret. Innkjøp over 5000,- skal vera godkjent av styret.

Samrøystes vedteke.



UFS 17/17: Villreinjakta 2017

Saksdokument:

- 17-17 Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning
- 17-17 Åge Holtmoen - Kommentar om utøving av reinsjakt på Ullensvang statsallmenning

Saksutgreiing:

Det må fastsetjast ordningar for jakta 2017. Aktuelle tema styret kan ta stilling til er:

1. Tiltak for innanbygds fyrstegongsjegerar 16 og 17 år:

I 2016 blei det gitt eit gratis s/u-kort til kvar av desse. Dei fekk refundert prisen for kortet ved å ta kontakt med fjellstyret i ettertid. Kortprisen blei refundert, medan dei sjølve betalte fellingsavgifta. Vil fjellstyret ha ei tilsvarende ordning i år også?

2. Kortreturordning

Det har tidlegare år vore ei returordning for kort som ikkje er brukt. Det blei ikkje gitt tilbod om dette i 2016.

3. Bladet «Villreinen»

I 2016 fekk alle innanbygds eit eksemplar av bladet «Villreinen» i lag med korta. Vil Fjellstyret ha eit slikt tilbod i år også?

Ei eventuell ordning med jaktlag skal handsamast av fellesstyret.

Framlegg til vedtak:

Referat:

Sekretæren orienterte om Inatur-løysinga. Det er kome inn søknad frå 122 innanbygds og 384 utanbygds via Inatur. Det blei foreslått at det blir gitt ein kort akseptfrist etter at korta er trekt, til dømes 10 dagar. Sekretær undersøke om dette er styrt av Inatur, eller om fjellstyret kan bestemma dette sjølve.

Tiltak for innanbygds fyrstegongsjegerar, kortreturordning og distribusjon av bladet «Villreinen» i lag med korta til innanbygds blei diskutert. Styret ynskjer å vidareføra ordninga med gratis kort for innanbygds fyrstegongsjegerar mellom 16 og 18 år. Dei det gjeld må betale kortet på vanleg måte og så ta kontakt med fjellstyret i ettertid og dokumentere alder. Kortprisen vert då refundert, medan jegeren betalar fellingsavgifta. Styret ynskjer ikkje kortreturordning, og vil gje eit eksemplar av bladet «Villreinen» til alle innanbygds jegerar.



Vedtak (sak UFS 16/17):

Innanbygds fyrstegongsjegerar mellom 16 og 18 år får eit S/U-kort med kalv gratis. Dei betalar berre fellingsavgift. Dei aktuelle jegerane må sende dokumentasjon om alder til fjellstyret for å få refundert jaktkortprisen.

Alle innanbygdsbuande får eit eksemplar av «Villreinen» når dei kjøper kort. Sekretær bestiller bladet (tal blad blir tilpassa endeleg søknadstal frå innanbygds, som er klar i løpet av nokre dagar).

Det blir ikkje kortreturordning i 2017.

UFS 18/17: Eventuelt

Tippemidlar:

Steinar Langesæter orienterte om moglegheita for å søke om tippemidlar til ulike prosjekt. For fjellstyra er det søknadsfrist på hausten (sekretær undersøker dato). Aktuelle prosjekt som blei nemnt på møtet: bygging av naust på Hansbu, traktorslepa til Hansbu, bru over Hansbubekken og bygging av ny do på Hansbu. Sekretær førebur ei sak om søknad om tippemidlar til neste møte.

Bru over Hansbubekken:

Behovet for å få bygd ei bru over Hansbubekken blei diskutert. Sekretæren tek kontakt med sekretær i tilsynsutvalet og høyrer om det er planlagt synfaring på Hansbu i sommar.

Ny do på Hansbu

Det må på plass ein avtale med dei andre hytteeigarane på Hansbu, og deretter må det søkjast om løyve til å setja opp eit nytt bygg. Sidan det er ei gravemaskin på Hansbu i sommar hadde det vore ein fordel om ein kunne koma i gang med arbeidet dette året. For å koma vidare med prosjektet kallar sekretær i fjellstyret hytteeigarane inn til eit møte i løpet av juni.

Saker til Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning:

UFS 19/17: Søknad om utvida løyve til utplassering av foringsplassar for fjellrev

UFS 20/17: Søknad om flytting av utedo og utviding til sikringsbu, Jakobsbu

UFS 21/17: Garnfiske for utanbygds i Ullensvang statsallmenning

UFS 22/17: Høyring på fellessanksjonar på lovbrøt på statsallmenning



UFS 23/17: Søknad om samjakt i reinsjakta 2017 frå dei private valda i Odda og Ullensvang

UFS 24/17: Reguleringar under villreinjakta 2017

Referat: Det blei ikkje tid til å gå gjennom sakene til Fellesstyret. Styremedlemmene ynskjer å få oversendt sakspapira til sakene til Fellesstyret. Sekretær sender frå no av ut sakspapira til desse sakene til medlemmene i Ullensvang fjellstyre.